

	Skjåk kommune Kultur	Arkivsak: 2010/1302-2 Arkiv: A30 Saksbehandlar: Oddrun Kvalheim Dato: 25.01.2011

Saksframlegg

Utv.saksnr	Utval	Møtedato
3/11	Kultur- og oppvekstutvalet	01.02.2011
18/11	Formannskapet	14.02.2011

Kulturskuleutvalgets rapport - høyring

Saksutgreiing

Høyringsfrist er sett til 14. februar 2011

Den 22. desember 2009, oppnevnte Kunnskapsdepartementet eit utval som m.a. skulle sjå nærare på dei utfordringane og moglegheitane som ligg i å styrke samarbeidet mellom kulturskule, grunnskule og SFO, samt gje forslag til korleis ulike kulturskuleaktivitetar og andre kulturaktivitetar, betre kan leggjast inn i samband med skuledagen. Utvalet sitt arbeid, vart initiert på bakgrunn av punkt 4 i kulturloftet II:

"Det skal gjennomføres et kulturskuleløft slik at alle barn som ønsker det får et kulturskuletilbud av god kvalitet til en rimelig pris. Dette skal sikres ved statlige stimuleringsmidler og en solid kommuneøkonomi. Utvikling av et mer omfattende kulturskuletilbud i tilknytning til SFO/skole skal utredes. Det skal være rom for ulik lokal organisering av kulturskolen. Det skal legges til rette for synliggjøring av kulturskolen og for talentutvikling."

7. september 2010 vart utvalet sin rapport "Kulturloftet: Kulturskule for alle" overlevert statsråd Kristin Halvorsen.

I det høve inviterer kunnskapsdepartementet no til ei brei høyring for å gje flest moglege instansar høve til å uttale seg om kulturskuleutvalet sin rapport.

Vurdering:

Adminstrasjonen registrerer at regjeringa over tid har sett kulturskule høgt på den politiske dagsorden, både i Soria Moria erklæringa og kulturloftet I og II. Norsk kulturskuleråd sentralt har kome med utkast til høyringsuttale, og Norsk kulturskuleråd i Oppland har kome med eit hjelpeskriv, der dei peiker på viktige moment i rapporten som kan vera til nytte for kommunane i høyringsuttala.

Adminstrasjonen tilrår at Skjåk kommune gjev positiv attendemelding på kulturskulerapporten, men at kommuna kommenterer og presiserer dei punkta Norsk kulturskuleråd i Oppland har vurdert. Adminstrasjonen tilrår at Skjåk kommune stiller seg bak høyringsuttala til Norsk kulturskuleråd sentralt.

Rådmannen si innstilling:

Høyringsuttale frå Skjåk kommune.

Skjåk kommune stiller seg positiv til kulturskulerapporten "Kulturskole for alle", men vektlegg og dei kommentarane og synspunkta som Norsk kulturskuleråd sentralt og Norsk kulturskuleråd Oppland har poengtert.

Vedlegg:

- Kulturskulerapporten "Kulturskole for alle"
- Utkast til høyringsuttale frå Norsk kulturskuleråd sentralt
- Hjelpeskriv med kommentarer og vurdering av rapporten, frå Norsk kulturskuleråd i Oppland

Behandling i Kultur- og oppvekstutvalet - 01.02.2011**Vedtak i Kultur- og oppvekstutvalet - 01.02.2011**

Høyringsuttale frå Skjåk kommune.

Skjåk kommune stiller seg positiv til kulturskulerapporten "Kulturskole for alle", men vektlegg og dei kommentarane og synspunkta som Norsk kulturskuleråd sentralt og Norsk kulturskuleråd Oppland har poengtert.

Samrøystes.

Vedtak i Formannskapet - 14.02.2011

Skjåk kommune stiller seg positiv til kulturskulerapporten "Kulturskole for alle", men vektlegg og dei kommentarane og synspunkta som Norsk kulturskuleråd sentralt og Norsk kulturskuleråd Oppland har poengtert.

Samrøystes